

NÆRINGSGLIV

Tips oss: 95 400 400 nyheter@smp.no



KVARTALSRESULTAT

Bedre Havfisk-resultat

Havfisk-konsernet hadde i første kvartal 2016 driftsinntekter på 270 millioner kroner sammenlignet med 247 millioner kroner i første kvartal 2015. Tallene gjenspeiler både økte priser og økt volum i kvartalet, sammenliknet med samme kvartal i fjor. EBITDA var på 95 millioner kroner mot 90 millioner kroner i samme periode i 2015. EBIT i første kvartal var på 65 millioner kroner mot 59 millioner kroner i tilsvarende periode i 2015.



BONDEKRAV: Sentrale bønder i Volda og Ørsta fekk med seg Volda-ordførar og professor Jørgen Amdam t.h. på laget i sine krav for landbruket. F.v. Knut Hustad, Kari Redse Håskjold og Odd Bjarne Bjørndal. Staden er ei vårgren mark ved Volda Turisthotell.

Grønt opprop mot blått

• Bønder eldna opp seg sjølve mot regjeringa og jordbrukspolitikken

VOLDA

– Dei blå-blå er i gong med sitt store prosjekt, åtvare bonde Knut Hustad.

Han fekk mikrofonen etter at Volda-ordførar og samfunnsprofessor Jørgen Amdam (Ap) hadde forsikra dei frammøtte om at jordbruket har ei svært viktig rolle i kommunen. Men han er ikkje bonde, slik Knut Hustad og dei fleste andre trettittals frammøtte er. Hustad nytta høvet til å svinge slegga mot landbrukspolitikken til den sitjande regjeringa.

– Ja, dei er svært godt i gang med å omfordele totalpakken av støtte til landbruket.

– I praksis vil det seie berre smular til dei små- og mellomstore bruka. Dei store bruka får ikkje berre heile kaka, dei er i ferd med å få ta over heile bakeriet, måla Knut Hustad ut. Han hevda at også deltidsbønder kjem godt ut i forhold til dei som skal prøve å gjere heiltids leveveg av å vere bonde

KRAVA

- Krava vart overleverte frå dei to bondeorganisasjonane kl. 13 i Oslo måndag.
- Krava har ei ramme på 860 mill. kr, mot 950 mill. kr i fjor.
- 577 mill. kr gjeld tilskot over statsbudsjettet, medan 193 mill. gjeld auka prisar.
- Kravet utgjør 20.800 kr per årsverk.
- Dei små- og mellomstore bruka er høgast prioritert framfor årets forhandlingar.

Dale. Høvet for opptrinnet var ei markering frå Møre og Romsdal Bondelag, nærast muleg opp mot tidspunktet for framlegging av bøndene sine krav i år. Og nærast muleg opp til landbruksminister Jon Georg Dale (Frp), ettersom markeringa var lagt til garden onkelen og tanta hans eig midt i Volda sentrum. Tre skikkeleg store og grøne trak-



KRAV: Landbruksminister Jon Georg Dale har fått sine første bondekrav på bordet.

torar med banner på talar også sitt språk om den lokale viljen til å krevje. Samstundes syner bøndene vilje til moderasjon, i høve fjorårets krav. Dette vert grunngeve med lågare kostnadsvekst og lønsvekst elles i samfunnet.

Håp. Appellhaldar Knut Hustad vedgår overfor Sunnmørsposten at han ikkje har altfor store for-



MARKERING: Eit trettittals bønder frå Volda, Ørsta og Hornindal høyrer på heiltidsgardbrukar Knut Oddvar Hustad sine fordringar framfor årets landbruksoppgjær.

ventningar til landbruksministeren sine grep for lokale forhold.

– Nei, eg trur dessverre at politikken er nokså fastlagt og fastlåst på førehand, og at han dermed har avgrensa spelerom.

– Men vi skal kjempe og det er lov å håpe, slår Hustad fast.

Halde skansen. Bondelagsleiar

på fylkesnivå, Oddvar Mikkelsen, peika på at det er svært viktig å halde oppe talet på bønder no for å halde skansen.

– Næringa vår har snart rasjonalisert så mykje som det er råd å få til. – Eg opplever at folket har både tillit og forventingar til oss, sa Mikkelsen.

KNUT ARNE AARSET
kaa@smp.no